



Trioen som jobba i dag: Berit Harriet Døssland (leiar) flankert av Målfrid Tveito og Gudrun Eidsvik (Foto: Ola Matti Mathisen)

I september hadde Cafe Tiaren i Gamleskulen eksistert i 5 år og tysdag 30. oktober vil det bli markert med Tapaskveld, opplyser styret i Uskedalen Utvikling. Det er ein takk for det store arbeidet som dugnadsdamene har lagt ned. I invitasjonen til dei som no er med i turnusen strekar styret under at innsatsen er viktig for bygda og for alle som bruker Gamleskulen som ein positiv og sosial møteplass kvar tysdag.

Styret legg til at ein heller ikkje må gløyme faste og gode inntekter til UU som igjen gjer at laget kan halda fram med renovering av bygget og utvikla nye tilbod. Til no har drifta av tysdagskafeen truleg gjeve ein samla inntekt på meir enn 200 000 kroner.

Opplegget har gjennom alle år vore at ei gruppe på 3 står for drifta kvar gong. Frå starten var det 18 damer med og den aller første gruppa er framleis aktiv. I den er Berit Harriet Døssland, Berit Myklebust og Selma Eik som på den aller første opningsdagen selde for 950 kroner. Det blir i loggboka karakterisert som 'kjemp flott'! No omfattar staben 25 og det betyr at 8 grupper er med i turnusen.

Idag har det vore 55 vaksne og 25 born innom Gamleskulen - eit venta frammøte no midt i ferieveka.

Tapaskvelden er det naturleg nok Elins Matgleder som har ansvaret for når det gjeld det kulinariske, men det blir også ein open post med ordet fritt - og sjølsagt allsang.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen